



## MØTEBOK ULLENVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Tysdag 5. mai 2020 kl. 1800-2025

Sted: Telefonmøte

**Desse møtte:** Johnny Vikne, Jan Asbjørn Utne, Jarle Rasmussen, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

**UFS 25/20: Orientering**

**UFS 26/20: Fullmaktsoversikt for sekretær**

**UFS 27/20: Uttale til byggesøknad - Øysteinsbu**

**UFS 28/20: Offentleg ettersyn av planprogram for områdereguleringsplan for Trolltunga**

**UFS 29/20: Søknad om samjakt**

**UFS 30/20: Førespurnad fra Røldal fjellstyre om felles fiskekultivering i grensevatna**

**UFS 31/20: Drøftingssak: Fiskeforvaltning**

**UFS 32/20: Endring av fredingssone på Ullenvang statsallmenning**

**UFS 33/20: Ordning for overføring av reinskort**

**UFS 34/20: Eventuelt**

Johnny Vikne /s/

Jan Asbjørn Utne /s/

Hildegunn Espe /s/

Jarle Rasmussen /s/

Synnøva Sæbø /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer  
Varamedlemmer  
Fjellstyra på Hardangervidda as  
Norges Fjellstypesamband  
Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog  
Ullenvang kommune  
Hardanger Folkeblad



## UFS 25/20: Orientering

### Saksdokument:

- 2020.03.26-362.1 Statskog – Oversending av søknad om oppsetjing av ny hytte ved Øysteinsbu
- 2020.03.29-612.3 Private vald i Ullensvang – Søknad om samjakt 2020
- 2020.03.30-127 Ullensvang fjellstyre - Oversending av rekneskap og årsmelding 2019
- 2020.03.31-010 Statskog – Kopi av oversending av klage over vedtak om ikke å opprette forsterket fjellstyre
- 2020.04.01-145.9 Ullensvang fjellstyre - Søknad om driftstilskot til ikkje-kommunale kulturanlegg
- 2020.04.08-642.2 Røldal fjellstyre - Førespurnad om felles fiskeforvaltning
- 2020.04.17-32 Statskog - Oversending av offentleg ettersyn av planprogram for områdereguleringsplan for Trolltunga
- 2020.04.24-145.4 Statskog - Fordeling av midler fra Grunneierfondet 2020
- 2020.04.27-010 Landbruks- og matdepartementet - Foreløpig svar - Klage på vedtak om ikke å opprette forsterket fjellstyre

### Saksutgreiing:

Gjennomgang av postliste, orientering om økonomi, koronasituasjon med meir på møtet.

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

### Referat:

Kort orientering om tal søknadar på reinsjakt og elgjakt, og arbeid som er gjort på hyttene i vinter.

### Vedtak (sak UFS 25/20):

Fjellstyret tek meldingane til orientering.



## UFS 26/20: Fullmaktsoversikt for sekretær

### Saksdokument:

26-20 Fullmaktsoversikt for sekretær

### Saksutgreiing:

Fjellstyra på Hardangervidda as har vedteke eit framlegg til fullmaktsoversikt for sekretær, sjå vedlegg.

I arbeidet som sekretærar for dei ulike fjellstyra, handsamar dei tilsette ulike økonomiske tilhøve i den daglege drifta. Det ligg i liten grad føre skriftelege retningslinjer som syner kva fullmakter sekretæren har.

Framlegg til fullmaktsoversikt er meint å ta for seg aktuelle typar økonomiske handlingar sekretæren kan utføre. Dette er meint som ein mal som må endeleg vedtakast i kvart einskild fjellstyre etter val av nye fjellstyre kvart 4 år.

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

### Referat:

Fjellstyret vedtek fullmaktsoversikt for sekretær, men ynskjer at fullmaktsoversikta blir teke opp på nytt i lag med fornying av samarbeidsavtalen med Fjellstyra på Hardangervidda as i 2022.

### Vedtak (sak UFS 26/20):

Ullenvang fjellstyre vedtek framlegg til fullmaktsoversikt, med ynskjer at fullmaktsoversikta blir teke opp på nytt i lag med fornying av samarbeidsavtalen med Fjellstyra på Hardangervidda as i 2022.

Samrøystes vedteke.



## UFS 27/20: Uttale til byggesøknad - Øysteinsbu

### Saksdokument:

27-20 Søknad om oppsetting av ny hytte ved Øysteinsbu

### Saksutgreiing:

Statskog har sendt over ein søknad om løyve til å bygge ny hytte ved Øysteinsbu frå grunneigar på gnr. 187, bnr. 3. Hytta som søker har i dag står på fuktig grunn og er begynt å sige. Søkjar ynskjer difor å sette opp ei ny hytte på ein annan stad. Det er søkt om å bygge ei større hytte enn den som står der i dag. Grunngjevinga for det er auka omfang av drifta på garden i dag enn det som var situasjonen når hytta blei sett opp. Tiltakshavar har dei siste åra auka omfanget av sauedrifta kraftig, og har behov for auka overnatningskapasitet i samband med tilsyn.

Hytta det gjeld var opphavleg ei steinbu registrert med avgiftsfri erklæring. Det blei gitt løyve til å erstatte steinbua med ei hytte i 1998. Det blei den gongen stilt krav om at steinbua skulle rivast. Frå arkivet til fjellstyret går det fram at steinbua ikkje var riven ein del år seinare. Så langt sekretær kjenner til står steinbua der framleis.

Det blir no søkt om å erstatte trebua som det blei gitt byggeløyve til i 1998 med ei ny hytte på ein ny stad. I søknaden er det skissert plassering for hytta. Får Statskog si side er det signalisert at det må ei synfaring til før dei kan gi ei eventuell ny tomteplassering.

Sekretær meiner at spørsmål om oppfylging av tidlegare vedtak gjort av Statskog, kommunen og vernestyresmaktene ikkje er fjellstyret sitt «ansvar». Det er likevel i fjellstyret si interesse at vilkår i festeavtalane blir fulgt opp. Det kan føre til presedens dersom brot på grunneigars løyve (inkludert vilkår i festeavtalen) blir godteke i ettertid.

Sekretær meiner at fjellstyret bør gi innspel til Statskog om at det må vere ein føresetnad for eit løyve frå grunneigar at vilkår i festeavtalen og tidlegare løyve til bygging frå Statskog som grunneigar må fyljast opp. Ut over det kan ikkje sekretær sjå at plassering av bygget slik det er skissert i søknaden har ein negativ påverknad på andre sine bruksrettar, jf. fjellova § 12. Det kjem og fram av søknaden at dei andre eigarane av stølshus/hytter ved Øysteinsbu ikkje har merknadar til søknaden.



Framlegg til vedtak:

Ullenvang fjellstyre meiner det må vere ein føresetnad for eit løvye frå grunneigar at vilkår i festeavtalen og tidlegare løyve til bygging frå Statskog som grunneigar må fyljast opp. Ut over det har ikkje fjellstyret merknad til plasseringa av bygget.

Referat:

Saka blei diskutert. Fjellstyret ynskjer meir info om historikken rundt steinbua, og grunnlaget for å bygge ny hytte relativt kort tid etter at trebua som står der i dag blei bygd. Når det gjeld uttale til Statskog etter fjellova § 12 samla fjellstyret seg om framlegg til vedtak.

Vedtak (sak UFS 27/20):

Ullenvang fjellstyre gir fyljande innspel til Statskog, jf. fjellova § 12:

Ullenvang fjellstyre meiner det må vere ein føresetnad for eit løvye frå grunneigar at vilkår i festeavtalen og tidlegare løyve til bygging frå Statskog som grunneigar må fyljast opp. Ut over det har ikkje fjellstyret merknad til plasseringa av bygget.

Samrøystes vedteke.



## UFS 28/20: Offentleg ettersyn av planprogram for områdereguleringsplan for Trolltunga

### Saksdokument:

28-20 Planprogram for områdereguleringsplan for Trolltunga


28-20 Planavgrensing

- 
- 

### Saksutgreiing:

Statskog har sendt over offentleg ettersyn av planprogram for områdereguleringsplan for Trolltunga, og ber fjellstyret å vurdere saka, jf. Fjellova § 12. Sekretær meiner at fjellstyret også kan gi innspel om andre aspekt ved saka.

Foreslått plangrense omfattar ein liten del av statsallmenningen (figur 1).



Figur 1. Delen av planområdet som ligg i statsallmenningen er markert med stipla raud linje.

Planprogram er ein del av den tidlege fasen i eit planarbeid. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. For planar som er omfatta av krav om konsekvensutgreiing skal planprogrammet også gjere greie for behovet og opplegg for utgreiing av planen sine verknadar for miljø og samfunn og korleis dette arbeidet skal gjennomførast.



Bakgrunnen for planarbeidet er den store auken i turiststraumen til Trolltunga dei siste åra, slitasje på naturen og konflikt med verneverdiar, tryggleik for besøkande og utfordringar og moglegheiter for lokalsamfunnet og næringsutvikling. I fylgje planprogrammet ynskjer ein at planarbeidet skal legge føreseielege rammer for utviklinga av området, med tanke på turisme-straumen i området, for næringsliv knytt til turisme, i tillegg til fastbuande og fritidsbusetnad i området. Medrekna her er krav om visuelle og arkitektoniske kvalitetar ved nye bygg og anlegg, samt føringer for telting, skilting, toalett-løysingar, søppelhandsaming, transport og parkering.

Landbruk er ikkje nemnt i planprogrammet. Ein kraftig auke i trafikken i området kan påverke beitegrunnlaget. Samtidig er beiteressursane i området svært avgrensa, og av liten interesse i utgangspunktet.

I kapittel 4 Utfordring og sentrale problemstillingar er det nemnt at dersom trafikken til Trolltunga vil føre til auka ferdsle innover fjellet vil det kunne ha større negative konsekvensar for villreinen på Hardangervidda. Avstanden til viktige funksjonsområde for villrein er kort. Fragmentering og forstyrring av leveområde for villrein er og nemnt som eit aktuelt tema i utgreiingsprogrammet (kapittel 5.3).

Stien frå Trolltunga mot Tyssevassbu er ikkje merka per i dag. Sekretær meiner det er svært viktig at reguleringsplanen ikkje legg til rette for ein auka ferdsel frå Trolltunga-området og innover fjellet. Eit aktuelt innspel i den samanheng kan vere at det må leggjast til grunn at stien mot Tyssevassbu framleis skal vere umerka, og at det heller ikkje skal gjerast andre tiltak som stimulerer til auka trafikk innover fjellet frå Trolltunga-området.

#### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

#### Referat:

Det var semje i styret om at sekretær sender eit innlegg til planprogrammet der det blir påpeika følgjande punkt:

- Planarbeidet må ikkje legge til rette for meir trafikk innover fjellet frå Trolltunga-området.
- Det må ikkje opnast for merking av sti frå Trolltunga-området mot Tyssevassbu, eller hyttebygging i dei inste områda av planområdet



- Planarbeidet må legge til rette for at ferdseLEN blir styrt mot dagsturar, ikkje overnatting og vidare ferdsel innover i fjellet.
- Fjellstyret meiner at planområdet er unødvendig stort frå Gryteskar og innover. Planområdet kan gjerast smalare her, og delen som ligg i statsallmenning bør takast ut.

#### Vedtak (sak UFS 28/20):

Sekretær lagar uttale i tråd med konklusjonen i referatet.

### **UFS 29/20: Søknad om samjakt**

#### Saksdokument:

29-20 Søknad om samjakt

#### Saksutgreiing:

Odda Storvald og alle dei private valda i tidlegare Ullenvang herad søker om samjakt i reinsjakta 2020. Dei viser i søknaden til behovet for å få ei god felling på vaksen bukk for å få eit tilstrekkeleg tal på cwd-prøvar. For å oppnå det foreslår dei samjakt mellom dei private valda og Ullenvang statsallmenning.

Dersom fjellstyret ynskjer å inngå avtale om samjakt med dei private valda meiner sakshandsamar at det er ein føresetnad at samjakta på statsallmenningen berre gjeld dei som har allmenningskort. På den måten unngår ein at jegertalet på statsallmenningen aukar. I år med høg kvote er det «rikeleg» med kort tilgjengeleg tidleg i jakta. Dersom fjellstyret tilbyr samjakt i siste del av jakta kan ein oppnå at interessa for jakta held seg oppe over ein lengre periode, då ein etter å ha brukt kort tidleg i jakta kan ha tilgang på fleire kort frå private vald mot slutten av jakta. Jaktresultatet er jamt over lågt på dei private områda. Det er naturleg, då dei ligg i utkantane av Hardangervidda, på område der det sjeldan oppheld seg flokkar over lengre tid. Utbytet er truleg best i byrjinga av jakta, då det ofte står flokkar i vest før jakta startar. Verdien av å ha tilgang på dei private område for jegerane med statsallmenningskort er avgrensa, men kan vere til nytte for dei som oppheld seg i grenseområda mellom statsallmenningen og private område.

I 2019 var det samjakt med dei private valda for jegerar med kort på Ullenvang statsallmenning frå og med 2. september og ut jakta (jakttida i 2019 var 10.8.-22.9.).



Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Saka blei kort diskutert. Det var semje i styret om å tilby dei private valda i tidlegare Ullenvang herad og Odda Storvald gjensidig samjaktsavtale for jegerar med kort på Ullenvang statsallmenning frå og med 7. september og ut jakta.

Vedtak (sak UFS 29/20):

Ullenvang fjellstyre tilbyr dei private valda i tidlegare Ullenvang herad og Odda Storvald gjensidig samjaktsavtale for jegerar med kort på Ullenvang statsallmenning frå og med 7. september og ut jakta.

Samrøystes vedteke.

**UFS 30/20: Førespurnad frå Røldal fjellstyre om felles fiskekultivering i grensevatna**

Saksdokument:

30-20 Førespurnad frå Røldal fjellstyre om felles fiskekultivering i grensevatna

Saksutgreiing:

Røldal fjellstyre har kome med ein førespurnad om samarbeid om «grensevatn» mellom Røldal statsallmenning og Ullenvang statsallmenning, sjå vedlagt dokument.

Innspelet gjeld først og fremst dei tre vatna som ligg på grensa – Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Røldal fjellstyre ynskjer at innanbygdsbuande tilhøyrande dei to statsallmenningane skal ha lik tilgang til fiske i vatna. Vidare ynskjer Røldal fjellstyre samarbeid om kultiveringa av vatna. Røldal fjellstyre har drive utsetjing av fisk i Holmavatnet, medan dei peikar på at utfordringa er motsett for Vetla Uravatnet – det bør fiskast meir.



Vidare peikar Røldal fjellstyre på at det står dårleg til med kvaliteten på fisken i fleire tjørner som ligg i Ullenvang statsallmenning, men nære grensa til Røldal statsallmenning. Dei peikar særskild på Buanuttjødna (1295), Svervetjødna (1304) og 1275 nordom Eltaren. Dei meiner at det trengs hardare fiske i desse vatna, og foreslår at innanbygdsbuande i Røldal får tilgang til garnfiske i vatna. Røldal fjellstyre har behov for å auke fisket tilsvarande i Store Uravatnet, Øvre Hellevatnet og Nedre Hellevatnet.

#### Felles kultivering og tilgang på grensevatna:

Det er truleg mogleg å opne for at innanbygdsbuande tilhøyrande dei to fjellstyra får lik tilgang til fiske i heile arealet av dei tre vatna, men det må i tilfelle gjerast ein jobb med å undersøke heimelen for dette. Det må vidare avklarast felles fiskereglar for vatna det gjeld. Dersom fjellstyret er positive til dette kan sekretær for Ullenvang fjellstyre og Røldal fjellstyre gjere ei felles sakshandsaming fram mot neste møte.

Dersom dette skal gjennomførast er det naturleg at dei to fjellstyra samarbeider om kultivering av vatna. Det kan diskuterast kor stort bidraget frå kvart av fjellstyra skal vere, i og med at fisketrykket frå dei to gruppene innanbygdsbuande vil vere ulikt. Vatna det gjeld ligg nærmere område med fleire hytter på Røldal statsallmenning enn Ullenvang statsallmenning. Vidare må tiltaka som blir gjort, som til dømes utsetjing av fisk i Holmavatnet, gjerast på grunnlag av eit godt kunnskapsgrunnlag, men det er det å forvente at Røldal fjellstyre også er interessert i.

#### Småtjørner nære grensa til Røldal statsallmenning:

Det er truleg rett at det er behov for auka fiske i vatna det gjeld, utan at sekretær kjenner situasjonen i desse vatna. Det er tvilsamt om det er heimel i fjellova for å gi ei gruppe utanbygdsbuande (innanbygdsbuande i Røldal) tilgang til fiske med garn i vatn på Ullenvang statsallmenning. Det må i tilfelle bli gitt tilgang til alle utanbygdsbuande. Ullenvang fjellstyre har ei ordning med garnkort for utanbygdsbuande til dei av vatna på statsallmenningen som fjellstyret meiner har eit særskilt behov for auka fiske, og der det er vurdert til å ikkje gå ut over interessene til fiskerettshavarane elles. Vatna som er nemnt i brevet frå Røldal fjellstyre er små, og ligg nokså langt frå hytter på Ullenvang statsallmenning. Det er å forvente at fisket i desse vatna ikkje blir av eit stort nok omfang til at ein klarar å oppretthalde ein god kvalitet på fisken. Det er mange andre vatn på Ullenvang statsallmenning der det truleg er minst like stort behov for auka fiske for å oppnå god kvalitet på fisken. Sekretær er av den oppfatning at det ikkje er føremålstenleg å ta med desse vatna i ordninga med garnfiske for utanbygdsbuande. Dette er truleg heller ikkje av interesse for Røldal fjellstyre å få tilgang til vatna gjennom eit garnfiskekort for utanbygdsbuande.



Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje i styret om at sekretærane for Ullenvang fjellstyre og Røldal fjellstyre lagar ei felles sakshandsaming til neste fjellstyremøte.

Vedtak (sak UFS 30/20):

Sekretærane for Ullenvang fjellstyre og Røldal fjellstyre lagar ei felles sakshandsaming til neste fjellstyremøte.

**UFS 31/20: Drøftingssak: Fiskeforvaltning**

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Driftsplan for fisket i Ullenvang statsallmenning var sett opp som tema til dette møtet. Sekretær har hatt som målsetting å utarbeide utkast til ny driftsplan for fisket, men har ikkje fått tid til å fullføre dette arbeidet til møtet. Sekretær foreslår at det blir jobba med eit utkast til driftsplan til møtet i fjellstyret i haust.

Som ein del av arbeidet med fiskeforvaltning på Ullenvang statsallmenning ynskjer sekretær å gjennomføre prøvefiske for dei mest aktuelle vatna med jamne mellomrom. Dei mest aktuelle vatna ligg i Kvennavassdraget og Bjørnavassdraget. Rundt Litlos er det gjort mest undersøkingar dei siste åra, oppsummert i rapportar utarbeida av Reidar Borgstrøm: [http://hardangervidda-fjellstyra.no/index.php?pagePreview=1&p=1\\_128](http://hardangervidda-fjellstyra.no/index.php?pagePreview=1&p=1_128) Sekretær foreslår at det blir gjennomført prøvefiske i Kvensjøen i sommar. Det er eit av dei mest sentrale vatna i statsallmenningen, og tilstanden her kan nok brukast som ein peikepinn på dei andre vatna i Kvennavassdraget.



Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær orienterte om planane for prøvefiske i Kvenssjøen i sommar.

Vedtak (sak UFS 31/20):

Fjellstyret tek orienteringa til vitande.



## UFS 32/20: Endring av fredingssone på Ullenvang statsallmenning

### Saksdokument:

32-20 Framlegg til fredingssone ved Hansbu

### Saksutgreiing:

Jamfør sak 22/20 på møte i Ullenvang fjellstyre 31.3.2020 har framlegg om endring av fredingssone på Ullenvang statsallmenning blitt lagt ut til offentleg ettersyn.. Det har blitt annonsert i Hardanger Folkeblad og på nettsida. Høyringsfrist var 22. april. Det har ikkje kome inn høyringsinnspeil.

Fjellstyret la ut på høyring framlegg om gjeninnføring av fredingssona «trekanten» på Ullenvang statsallmenning. Vedlagt er grensa teikna inn slik ho var i den opphavlege fredingssona som blei vedteke i 1983. Grensa gjekk då frå tjørn i Rekkjingeskaret, til utløpet av Hansbubekken, opp langs Hansbubekken til og med Hansbulægeret, og i ei rett line til punktet der Blånutbekken krysser fylkesgrensa. I vedtaket om utlegging til offentleg ettersyn blei det lagt til grunn at denne fredingssona skal gjelde heile jakta, uavhengig av eventuelle vedtak om oppheving av fredingssoner mot slutten av jakta.

Den gamle «trekanten» er ei fredingssone som «alltid» har vore der. Det er stor aksept for den fredingssona blant jegerane. For at flokker skal krysse elver er det viktig at dei får ro. Det er ein kjent sak at flokker ofte vil snu og trekke opp i høgda når dei blir forstyrra ved slike kryssingsstader. Slik fredingssona er no er det fritt fram for å jakte på flatane sør aust for hyttene på Hansbu. Det hender og at det kjem dyr mellom hyttene og elva. Jakt tett på hyttene på Hansbu kan føre til farlege situasjoner. I jakta 2019 blei det meldt inn frå jegerar til oppsynssentralen på Skinnarbu at jakt i området som tidlegare var del av den freda trekanten hindra trekk over Kvenna. Dette blei også observert av jaktoppsyn. Ved minst eit høve trakk dyr vestover mellom stølsbolet og Kvenna. Det blei då stilt på dyr frå hytteveggane på Hansbu.

Sakshandsamar vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vera godt nok til å gjera vedtak i saka, jf. nml. § 8, og at føre-var-prinsippet for å unngå skade på naturmangfaldet difor ikkje er relevant, jf. nml. § 9. Effektane av fredingssonene er vurdert til å vere positivt for den samla belastninga på økosystemet, jf. nml. § 10. Sakshandsamar vurderer nml. § 11 og 12 til å ikkje vera relevant i denne saka.

### Framlegg til vedtak:



For å oppretthalde trekk over Kvenna, og unngå farlege jaktsituasjonar ved stølsbolet på Hansbu, opprettar Ullenvang fjellstyre ei sone som er freda for reinsjakt mellom tjørn i Rekkjingeskaret, til utløpet av Hansbubekken, opp langs Hansbubekken til og med Hansbulægret og i ei rett linje til punktet der Blånutbekken kryssar fylkesgrensa, som vist i vedlagt kart. Fredingssona gjeld heile reinsjakta, uavhengig av vedtak om oppheving av andre fredingssoner mot slutten av jakta. Vedtaket gjeld frå og med jakta 2020 og inntil vidare.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23 tredje ledd.

Vedtaket blir gjort med etterhald om at kommunen skal ha høve til å uttale seg.

Referat:

Fjellstyret samla seg om framlegg til vedtak.

Vedtak (sak UFS 32/20):

For å oppretthalde trekk over Kvenna, og unngå farlege jaktsituasjonar ved stølsbolet på Hansbu, opprettar Ullenvang fjellstyre ei sone som er freda for reinsjakt mellom tjørn i Rekkjingeskaret, til utløpet av Hansbubekken, opp langs Hansbubekken til og med Hansbulægret og i ei rett linje til punktet der Blånutbekken kryssar fylkesgrensa, som vist i vedlagt kart. Fredingssona gjeld heile reinsjakta, uavhengig av vedtak om oppheving av andre fredingssoner mot slutten av jakta. Vedtaket gjeld frå og med jakta 2020 og inntil vidare.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23 tredje ledd.

Samrøystes vedteke.

Vedtaket blir gjort med etterhald om at kommunen skal ha høve til å uttale seg.



## UFS 33/20: Ordning for overføring av reinskort

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Jamfør sak 21/20 på møte i Ullenvang fjellstyre 31. mars ynskjer fjellstyret at det skal vere mogleg å overføre kort etter 1. september til andre jegerar som er tildelt kort på Ullenvang statsallmenning. Fjellstyret må eventuelt presisere reglane for dette før jakta.

Sekretær tilrår på det sterkeste at fjellstyret ikkje opnar for overføring av reinskort til andre jegerar. Det er eit velkjent prinsipp at reinskort på statsallmenning er personlege, og ikkje kan overdragast eller seljast til andre. Dersom fjellstyret opnar for overføring av kort, er det i praksis det same som å opne for vidaresal.

Fjellstyret har opna for danning av jaktlag. Dersom fjellstyret skal opne for overføring av kort er det eit uavklart spørsmål kva som då skjer med jaktlaget. Dersom kortet ikkje tilhøyrer jegeren som er på jaktag lenger, er det uavklart om jegeren det gjeld framleis er ein del av jaktlaget, og om kortet som er overført til ein ny jeger kan nyttast av jaktlaget der kortet opphavleg var ført opp. For oppsynet vil det vere umogleg å kontrollere dette.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret opnar likevel ikkje for overføring av kort i reinsjakta 2020.

Referat:

Ei eventuell ordning for overføring av kort blei diskutert. Det var delt meining i fjellstyret om ein bør opne for dette. Deler av fjellstyret var skeptisk til om ei slik ordning kan bli rettferdig og oversiktlege. Det blei vist til moglegheita for alle jegerane til å få tak i den eller dei som har som oppgåve å overføre reinskort i løpet av jakta. Det blei vidare vist til at jaklagsordninga gir jegerane fleksibilitet til å få nytta korta effektivt.

Styret samla seg om framlegg til vedtak.

Vedtak (sak UFS 33/20):



Fjellstyret opnar likevel ikkje for overføring av kort i reinsjakta 2020.

## **UFS 34/20: Eventuelt**

### Facebook:

Aktivitet på facebook-sida til Ullenvang fjellstyre blei etterspurt. Sekretær orienterte om ordninga i Odda fjellstyre og Ullenvang fjellstyre til og med 2019. Det var semje om at fjellstyret skal ha ei facebook-side. Det blir lagt opp til å bruke sida for å orientere om søknadsfristar, aktivitet i statsallmenningen osv. Dei av fjellstyremedlemmene som ynskjer det blir lagt til som moderatorar.

### Tilpassingar av utleige av hyttene til koronasituasjonen:

Naudsynte tiltak for å kunne gjennomføre utleige av hyttene i år blei diskutert.

Utleige av hyttene i sommar blir gjennomført på fyljande måte:

- For å unngå at ein blandar personar frå ulike «grupper» samtidig blir det ikkje opna for fri booking av enkeltsenger på nett.
- Leidgetakrar betalar for dei sengene dei brukar, medan resten av hytta blir låst for utleige i same periode.
- Sekretær styrer utleige manuelt gjennom sommaren.
- Leidgetakrar blir oppfordra om å vere nøyne med personleg hygiene og utvask av hytta ved avreise. Leidgetakrar må ta med seg eigne sengeklede, handdukar osv.
- Fjelloppsynet supplerer hyttene med klorin, handdesinfeksjonsmiddel mm dersom mogleg no i mai.

### Hytta ved Langavatnet:

Fjelloppsynet beisar hytta i løpet av sommaren.

### Utdeling av kort:

Ordning for utdeling av kort i lys av koronasituasjonen blir vurdert av leiar og sekretær. Styret blir orienterte om avgjersla.